

Årdal kommune

# Alkoholpolitiske retningslinjer

2024-2028



Årdal kommune

Teknologibygda

## Innhold

1. Innleiing .....	2
2. Løyver .....	3
Løyveperiode .....	3
Sakshandsaming .....	3
Skjenkeløyve .....	4
Vilkår skjenking av alkoholhaldig drikk .....	5
Skjenkeløyve og tider .....	6
Vilkår sal av alkoholhaldig drikk .....	7
Salstider .....	7
3. Kunnskapsprøve sals- og skjenkeløyve .....	8
4. Avgifter .....	8
5. Krav om kurs i ansvarleg vertskap for skjenkestader .....	9
6. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve .....	9
7. Brot på regelverket, inndraging og prikktildeling .....	9
Klagerett .....	10
8. Definisjonar .....	10
9. Nyttige lenkjer .....	10

# 1. Innleiing

Alkohollova har klare retningslinjer for kven som kan selja alkohol, kva som kan seljast, til kva tider ein kan selja og rutine for sakshandsaming ved søknader om sals- eller skjenkeløyve.

Alkohollova opnar for at kommunen kan utarbeide lokale retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve for å regulera løyvepolitikken sin og fremja folkehelsa i kommunen.

## § 1-1.Lovens formål

Reguleringen av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som et ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.

Det er eit mål er at kommunen sin løyvepolitikk skal vera balansert mellom alkohollova sitt føremål om å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane alkoholbruk kan føra til, og næringa sitt behov for føreseielege rammevilkår.

Årdal kommune vil leggja til rette for at alkohol kan omsetjast, men at bruk av alkohol fører til minst mogleg negative konsekvensar. Alkoholpolitikken skal regulera dette. Årdal kommune skal følgje nasjonale retningslinjer for sal, skjenking og alkoholpolitikk.

I rusmiddelpolitisk samanheng oppmodar ein til at arrangementa må ha ein slik karakter at publikum kjem grunna interesse for arrangementet, og ikkje berre leggja vekt på at tilbod om skjenking er avgjerande for oppslutnaden.

Omsynet til barn og unge bør vektleggjast og gjenspeglast i løyvepolitikken.

Kommunen si generelle haldning at det skal vera ei kurant sak å få sals- og skjenkeløyve dersom søkjaren fyller dei vilkåra som alkohollova og anna relevant lovgjeving set. Like eins må vilkåra som går fram av kommunen sine alkoholpolitiske retningslinjer, og andre lover og forskrifter, vere oppfylt.

Målsettingar for kommunen sin løyvepolitikk i perioden 2024-2028:

- redusere skadane som alkoholbruk kan medføre
- ivareta innbyggjarane i kommunen sitt behov for trygghet og trivsel
- sikre like konkurransevilkår og forsvarleg drift
- aktivt bidra til eit førebyggjande arbeid

Verkemiddel for å oppnå desse føremåla er å avgrense tilgangen til alkohol, ved til dømes regulering av sals- og skjenketider og stadar det vert servert alkohol. Det skal takast omsyn til om eit løyve kan påverke tilgangen på alkohol, særleg for yngre aldersgrupper. Andre viktige tiltak er jamlege kontrollar med sals- og skjenkestadane, og raske reaksjonar ved brot på regelverket.

Sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollova, anna relevant lovgjeving og kommunale vedtekter for alkoholomsetnad, må rekna med at inndraging av sals- og skjenkeløyve kan bli aktuelt.

## 2. Løyver

Sal og skjenking av alkoholhaldig drikke kan berre skje på grunnlag av løyve, jf. alkohollova § 1-4a.

Sals- og skjenkeløyve i Årdal kommune skal vere innanfor alkohollova med forskrifter, forvaltningslova, rusmiddelpolitisk handlingsplan, retningslinjer og kommunen sitt delegeringsreglement. Ved vurdering av om løyve skal verte gitt kan det mellom anna leggast vekt på

- driftskonsept, standard og målgruppe
- plassering, trafikk- og ordensmessige forhold og omsynet til lokalmiljøet
- talet på sals- og skjenkestadar
- universell utforming
- næringspolitiske forhold
- om løyvesøkjjar og personar som nemnt i alkohollova § 1-7b første ledd er eigna til å ha løyve

Ved endring av driftskonsept i løyveperioden skal det søkast om nytt løyve.

### Løyveperiode

Sal, skjenking og tilverknad av alkoholhaldig drikk kan berre skje med eit kommunalt løyve etter alkohollova, og vert som hovudregel gjeve for ein periode på inntil fire år om gongen. Tildelt løyve gjeld fram til seinast 30.09 året etter nytt kommunestyre tiltrer.

I følge alkohollova § 1-6 (gjeldande frå 1. januar 2016) kan løyve vidareførast for ein ny fireårsperiode utan at ny søknad vert sendt inn til kommunen

### Sakshandsaming

#### Søkar

Søkar er den som har det økonomiske ansvaret. Dette kan til dømes vere

- aksjeselskap, ansvarleg selskap, selskap med delt ansvar og stifting
- enkeltpersonføretak

#### Søknad og dokumentasjon

Det skal nyttast standard søknadsskjema.

Ved søknad om alminneleg skjenkeløyve skal følgande dokumentasjon leggast ved:

- Firmaattest
- Stadfesting på bestått kunnskapsprøve for styrar og avløyser
- Teikning av lokalet inne og ute
- Opplysningar om andre eigarforhold, til dømes eigarar bak aksjeselskap, der driftsselskapet er heilt eller delvis eigd av andre selskap

Kommunen kan i enkelte tilfelle be om ytterlegare dokumentasjon, som til dømes budsjett og finansieringsplan. Det er full oversikt over krav til vedlegg i søknadsskjemaet.

Det vert henta inn vandelsvurderingar frå Skatteetaten og Vest politidistrikt i samband med søknad om faste løyver. Det vert og sendt oppmoding om uttale av NAV. Kommunen kan i tillegg hente inn uttale frå skatte- og avgiftsmynde.

I løpet av kommunestyreperioden skal det hentast inn vandelsvurdering på løyver som er tildelt.

Når det gjeld vandel kan det ikkje takast omsyn til forhold som er eldre enn ti år.

Søknadsfrist for tidsavgrensa løyve er seinast 3 veker før arrangementet skal finna stad. Dersom det ikkje er gjort vandelsvurdering av skjenkestyrar i løpet av kommunestyreperioden er fristen 6 veker.

### **Tildeling av løyve**

Løyve vert gitt til «*den for viss regning virksomheten drives*», jf. alkoholova § 1-4b. Løyvet vert difor gitt til den juridiske eininga som har den direkte økonomiske interessa i, og ansvaret for salet eller skjenking av alkohol.

Ved tildeling av løyve vert det vurdert om søker er eigna.

Det vert teke omsyn til eventuell tidlegare dårleg røynsle med søkeren si utøving av løyve, jf. alkoholova § 1-7b, t.d. i form av:

- Brot på vilkår som er sett for løyvet
- Brot på sals- og skjenkereglane
- Endring av driftskonseptet utan godkjenning
- Påklaga ordensmessige tilhøve ved verksemda
- Brot på reklamereglane

### **Skjenkeløyve**

Kommunen kan gi alminneleg skjenkeløyve, skjenkeløyve til einskild høve og ambulerande løyve.

Servering av alkohol mot betaling krev løyve, medan servering av alkohol utan betaling normalt ikkje krev løyve.

Kommunen kan vedta at det ikkje skal bli gjeve meir enn eit bestemt tal løyve til sal eller skjenking.

Det er i dag ikkje sett tak på faste sals- og skjenkeløyve i Årdal kommune.

### **Einskildløyve ved opne arrangement**

Det kan gjevast løyve til skjenking ved einskildhøve til opne arrangement innandørs og utandørs.

- Det er ein føresetnad at løyvehavar er over 20 år.
- Det skal utpeikast både ein styrar og ein vara for styrar for løyvet dersom storleik på arrangementet tilseier det.
- Vedtak om løyve skal vera tilgjengeleg i lokalet i perioden for skjenkeløyvet.

I bygg der går føre seg mykje aktivitet for born og unge gjeld følgjande reglar:

- Lokala kan kun nyttast for skjenking når det ikkje går føre seg arrangement retta mot born og unge på området, eller i tilknytt fellesareal.
- Når arrangement med alkoholservering skal finna stad, må lokalet/fellessområdet vera stengt for born og unge 1 time før og etter arrangementet.
- Det kan bli sett opp vakthald for å hindra at born og unge får tilgang til skjenkearealet. Dette vil gå fram i vedtak om løyve.

### **Ambulerande løyve til slutta lag**

Årdal kommune har to ambulerande løyve for tildeling av skjenking i slutta lag, jf. alkohollova § 4-5. Ambulerande løyve til slutta lag kan gjelda både gruppe 1, 2 og 3. Omgrepet slutta lag er omtalt nærmare i Sosial- og helsedepartementet sitt rundskriv I-5/08, jf. merknadene til alkohollova § 4-5, sjå side 116-117.

- Det må liggje føre dokumentasjon på at arrangementet fyller krava til lukka selskap
- Søkjar skal dokumentera godt vakthald
- Det skal nyttast standard skjema for søknad om ambulerande løyve
- Skjenketida for ambulerande løyve skal følgje «normaltida», dvs. til kl. 02.00 for gruppe 1 og 2, og til kl. 01.00 for gruppe 3, men kan verte innskrenka med omsyn til same faktorane som gjeld for skjenking etter alkohollova §§ 1-6 og 4-2 (pkt. 6.4.5).

### **Vilkår skjenking av alkoholhaldig drikk**

Verksemder kan få løyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3. Skjenkeløyvet gjeld for eit bestemt lokale og ei bestemt type verksemd, konsept.

*Jf. Årdal kommune sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan skal kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer ta omsyn til barn og unges tryggleik, og bør også spegle seg i bevillingspolitikken og vegast ved vurdering av konkrete løyvesøknader.*

Vilkår knytt til faste skjenkeløyve

- Gyldig skjenkeløyve skal til ei kvar tid vera synleg og tilgjengeleg i lokala.
- Skjenkestyrar og vara for styrrar må vere tilsett på staden eller arbeide der i kraft av eigarstilling
- Skjenkestyrar og vara for styrrar for skjenkeløyvet må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve i alkohollova.
- Løyvehavar, styrrar, vara for styrrar av skjenkeløyvet, og andre med vesentleg innflyting på verksemda, må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova.
- Løyvehavar pliktar å føre internkontroll i høve skjenkeløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i samsvar med alkohollova, jf. alkoholforskrifta §§ 8-1, 8-2 og 8-3.
- Det skal til ei kvar tid innanfor skjenkestaden si opningstid vera mogleg å gjennomføra ikkje-varsla salskontroll med skjenkelokalet.
- Ved årsslutt og seinast innan 1. april årleg, skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk via elektronisk skjema. Dersom det er avvik på forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk, utfører kommunen etterutrekning og etteroppgjer.
- Dersom politiet har kravd ordensvakter vert det stilt som vilkår for løyvet.
- Forsvarleg vakthald og dokumentasjon av forsvarleg kompetanse til dørvaktoppgåvene.
- Ansvarleg ved skjenkestaden og den som skjenkar alkohol skal ikkje

vere påverka av rusmiddel i arbeidstida.

- Alle endringar i høve løyvet skal varslast til kommunen via endringsskjema innan 30 dagar etter endringa trer i kraft.
- Det vil ligge føre grunnlag for vedtak om prikktildeling dersom skjenkestaden ikkje fyl opp pliktene sine etter alkohollova, alkoholforskrifta eller vilkår i løyvevedtaket.
- Verksemda er plikta til å gjennomføra e-læringskurs i ansvarleg vertskap. Det er minstekrav at både skjenkestyrar og vara for styrar må gjennomføre dette e-læringskurset. Ein oppmodar likevel til at så mange som mogleg av dei tilsette gjennomfører dette kurset.

## Skjenkeløyve og tider

Løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk kan tildelast til alle verksemder som kan ha dette etter alkohollova og forskrifta. Skjenking av alkoholhaldig drikk kan skje etter alkohollova og forskrifta si til ei kvar tid gjeldande maksimaltid (dagar og klokkeslett).

Per juni 2024 gjeld fylgjande skjenketider for gruppe 1 (øl), 2 (vin), 3 (brennevin):

- Gruppe 1 og 2: kl. 08.00 – 02.00
- Gruppe 3: kl. 13.00 – 01.00

Der løyvet omfattar uteservering, kan skjenking skje til kl. 24.00.

Forbruk av skjenkt alkohol skal avsluttast seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt, jf. alkohollova § 4-4.

Klingenberg hotell AS har, som det einaste turisthotellet, opnings- og skjenketid for gruppe 1, 2 og 3 til kl. 03.00. Vedtak gjort i kommunestyret i 1993.

Utvida skjenketid i samband med einskildhøve:

- Skjenketid for gruppe 1 og 2 til kl. 02.00

*Natta sommartida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen. Når vintertida tek til, skal skjenketida følgja den oppsette skjenketida for den aktuelle dagen.*

Skjenketider for gruppe 1, 2 og 3 i samband med einskildhøve etter alkohollova §§ 1-6 og 4-2

Skjenketidene i samband med einskildhøve etter alkohollova §§ 1-6 og 4-2, 3. ledd, skal følgje «normaltidene», men kan verte innskrenka av omsyn til t.d. følgjande faktorar:

- Målgruppe
- Omsyn til lokalmiljøet
- Plassering
- Trafikkomsyn

Omfanget av skjenkeløyvet vert vurdert i kvar einskild sak. Følgjande skal følgjast ved tildeling:

- Gruppe 1, 2 og 3: Hotell og restaurantar
- Gruppe 1 og 2: Utestader, pensjonat og vertshus

## Vilkår sal av alkoholhaldig drikk

Løyve til sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 kan tildelast til alle verksemder som kan ha dette etter alkohollova – og forskrifta.

Sal av alkoholhaldig drikk i gruppe 2 og 3 skal skje frå AS Vinmonopolet sine salsstader.

Følgjande vilkår er knytt til salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1:

- Kommunalt salsløyve kan bli gjeve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 og gjeld for eitt lokale og ei særskilt verksemd
- Løyvehavar, styrar og vara for styrar for salsløyvet må fylla vandelskrava som er fastsett i alkohollova.
- Salsstyrar og vara for styrar for salsløyvet må ha avlagt godkjent Kunnskapsprøve i alkohollova.
- Styrar og vara for styrar er ansvarleg for at utøvinga av løyvet til ei kvar tid vert forsvarleg utført og etter vilkåra i løyvevedtaket, i alkohollova og i Årdal kommune sine alkoholpolitiske retningslinjer.
- Løyvehavar pliktar å føre internkontroll i høve salsløyvet, alkohollova og vedtak fastsett i samsvar med alkohollova, jf. alkoholforskrifta §§ 8-1, 8-2 og 8-3.
- Løyvehavar og styrar pliktar å føre tilsyn med dei tilsette si utøving av sal, og er ansvarleg for at dei tilsette vert gjort kjent med regelverket for sal av alkoholhaldig drikk, og elles gitt den naudsynte rettleiinga for verksemda.
- Det skal til ei kvar tid innanfor salsstaden si opningstid vera mogleg å gjennomføra ikkje-varsla salskontroll med salslokalet.
- Alkoholhaldig drikk skal vere plassert slik at det ikkje vert veksla med alkoholfri og alkoholsvak drikk.
- Ved årsslutt og seinast innan 1. april årleg, skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk via elektronisk skjema. Dersom det er avvik på forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk, utfører kommunen etterutrekning og etteroppgjer.
- Alle endringar i høve løyvet skal varslast til kommunen via endringsskjema innan 30 dagar etter endringa trer i kraft.
- Det vil ligge føre grunnlag for vedtak om prikktildeling dersom salsstaden ikkje føl opp pliktene sine etter alkohollova, alkoholforskrifta eller vilkår i løyvevedtaket.

## Salstider

Salstidene for alkoholhaldig drikk kan skje etter alkohollova og -forskrifta si til ei kvar tid gjeldande maksimaltid (dagar og klokkeslett).

I Årdal kommune gjeld følgjande tider:

Måndag – fredag	Kl. 09.00 – 20.00
Laurdag	Kl. 09.00 – 18.00
Dagar før heilagdagar	Kl. 09.00 – 18.00
Unntak * onsdag før Kristi Himmelfartsdag jf. alkohollova § 3-7	Kl. 09.00 – 20.00
Søndag, heilagdagar, 1. mai og 17. mai	stengt



### 3. Kunnskapsprøve sals- og skjenkeløyve

Kommunen er ansvarleg for å legge til rette for at ein kan gjennomføra kunnskapsprøvar for styrarar og avløyser i verksemdar som har eller søker om kommunalt sals- og skjenkeløyve etter alkohollova §§ 3-1 og 4- 1.

Årdal kommune legg til rette for kunnskapsprøve for skjenking, sal og kontrollør. I tillegg er det mogleg å ta etablerer prøve.

Søkjjar må kunne dokumentere kunnskapen i form av greidd prøve.

### 4. Avgifter

Avgifta for skjenkeprøve, ambulerande- og tidsavgrensa løyve skal til ein kvar tid vera lik gebyr angitt i forskrift om omsetning av alkoholhaldig drikk m.m. Reglar om bevillingsgebyr for faste sals- og skjenkeløyve er fastsett i alkoholforskrifta kapittel 6.

Alkoholavgifta går til å dekke kommunen sine utgifter til opplæring, sakshandsaming og kontroll med utøving av alle kommunen sine sals- og skjenkeløyve.

Eit ev. overskot skal tildelast ungdomsrådet for bruk til rusførebyggande tiltak for barn og unge.

Ved søknad om førstegongs sals- eller skjenkeløyve, skal løyvehavar opplyse om forventa omsett mengd alkohol. Førstegongsavgifta vert sett i samsvar med alkoholforskrifta § 6-2.

For faste sals- og skjenkeløyve skjer utrekning av årsgebyr på bakgrunn av forventa omsett mengd alkoholhaldig drikk. Gebyret skal forskotsbetalast.

Frist for innrapportering av forventa omsett mengd alkohol i Årdal kommune er innan 1. april. Det betyr at ved årsslutt, og innan 1. april, skal løyvehavar senda inn faktisk omsett mengd alkohol. Det skal leggjast ved ei godkjenning av omsetnadsoppgåva frå revisor. Dersom det er avvik mellom opplyst forventa omsett mengd alkohol og innrapportering av faktisk omsett mengd alkohol, føretek kommunen eit etteroppgjær.

Ved nedlegging av verksemda skal kommunen varslast. Ev. mellomlegg mellom oppgitt forventa omsetnad og faktisk omsett mengd alkoholhaldig drikk skal reknast inn i eit sluttoppgjær.

For sals- og skjenkeløyve for eitt enkeltløyve – opne arrangement – skal det betalast minimumsgebyr i samsvar med alkoholforskrifta § 6-2.

Søknad om sal og skjenking for eitt enkelthøve skal vera til eit klart avgrensa arrangement, t.d. marknad, festival eller konsert.

Gjeldande avgifter for Årdal kommune frå 1. juli 2024

<b>Gebyr</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Sats 2024</b>
Ambulerande skjenkeløyve (lukka lag)	Per arrangement	Kr. 440,- (jf. alkoholforskrifta § 6-2)
Einskild løyve inntil 100 personar	Per arrangement	Kr. 440,-
Einskild løyve 100-500 personar	Per arrangement	Kr. 650,-
Einskild løyve over 500 personar	Per arrangement	Kr. 1700,-
Etablerer/kunnskapsprøve	Per forsøk	Pris jf. alkoholforskrifta § 5-6
Faste skjenkeløyve	Per år	Pris jf. alkoholforskrifta § 6-2
Faste salsløyve	Per år	Pris jf. alkoholforskrifta § 6-2
Sesongløyve (3 mnd.)	Per år	Kr. 2000,-

Eitt arrangement gjeld for inntil tre dagar samanhengande. For arrangement over tre dagar vil det bli berekna eit høgare gebyr.

Løyvegebyret skal betalast i samsvar med frist på faktura frå kommunen. Årleg løyvegebyr skal vere betalt innan 1 månad etter krav, elles vert løyvet inndrege til betaling finn stad. For seint innbetalt gebyr kan få konsekvens for vurdering av tildeling av løyve ved seinare høve.

## 5. Krav om kurs i ansvarleg vertskap for skjenkestader

Verksemda er plikta til å gjennomføra e-læringskurs i ansvarleg vertskap. Det er minstekrav at både skjenkestyrar og vara for styrar må gjennomføre dette e-læringskurset. Ved bytte av styrar og/eller vara for styrar må ny person ha gjennomført kurset innan 12 mnd. Kursbevis må leggast fram for kommunen innan tidsfristen. Ved manglande gjennomføring vil skjenkestaden miste løyve, og må gjennom ny søknadsrunde før eit nytt løyve vert tildelt.

Ein oppmodar i tillegg at så mange som mogleg av dei tilsette gjennomfører dette kurset.

Kurset handlar om å bidra til eit trygt og hyggeleg uteliv ved å ikkje skjenka mindreårige eller openbart påverka gjester. Ansvarleg vertskap e-læring vil kunne gje verksemda kunnskap om regelverk og situasjonshandtering som kan vera nyttig i utelivsbransjen.

Kurset er [tilgjengeleg på helsedirektoratet sine sider](#) og kostar kr. 200,-.

## 6. Kontroll med kommunale sals- og skjenkeløyve

Lovpålagt kontroll med sal og skjenking skal gjennomførast så ofte som behovet tilseier, men kvar stad skal kontrollerast minst ein gong årleg. Det skal utførast minst tre gonger så mange kontrollar som kommunen har sals- og skjenkestadar (Alkoholforskrifta § 9-7).

Kontrollane skal gjennomførast på tidspunkt der det er mest truleg at ein vil kunne avdekke eventuelle tilhøve som skal påtalast.

Kommunen har sjølv ansvar for utføring av kontroll med dei kommunale enkeltløyva til sal og skjenking, jf. alkoholforskrifta § 9-1. Kommunen kan også gjennomføra dokumenttilsyn t.d. med sosiale medium (reklame), sjekke om det er manglar i internkontrollhandboka, om omsetjingsoppgåva er levert, eller om omsetjingsgebyr er betalt.

Årdal kommune nyttar eksternt kontrollsekskap til kontroll av sals- og skjenkeløyva i Årdal.

Kommunedirektøren får fullmakt til å inngå avtale med kontrollør eller kontrollverksemd.

## 7. Brot på regelverket, inndraging og prikktildeling

Dersom ein løyvehavar ikkje overheld dei vilkåra som er gitt i løyve eller bryt alkohollova og alkoholforskrifta, skal kommunen inndra løyve for ein kortare eller lengre periode.

Kommunen er forplikta til å tildele prikkar ved regelbrot. Det er alkohollova /alkoholforskrifta sine reglar om prikktildeling og inndraging av løyve som skal leggast til grunn ved brot på

alkohollova. Nærare om føresegna om prikktildeling og inndraging av løyve er å finne i alkoholforskrifta § 10-2 til § 10-6.

Tildeling av prikkar er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova kap. V. Tildelte tal prikkar kan takast med i vurderinga om ein løyvehavar må søka om fornying ved utløp av løyveperioden.

Kommunen kan i løyveperioden inndra sals- og skjenkeløyve for eit kortare tidsrom, eller for resten av løyveperioden.

Sals- og skjenkeløyve kan verte inndratt for resten av perioden, eller for ei kortare tid, dersom vilkåra om vandel ikkje er oppfylt, eller dersom løyvehavar ikkje oppfyller sine plikter etter alkohollova. Ved brot på alkohollova skal kommunen tildele prikkar jf. [alkoholforskrifta kapittel 10](#).

Kommunen sine rutinar ved brot:

Der det ligg føre grunnlag for prikktildeling, skal kommunen sende ut førehandsvarsel om tildeling av prikkar, jf. Forvaltningslova § 16.

Kommunedirektøren fattar enkeltvedtak om tildeling av prikkar. Løyvehavar skal i samband med vedtaket bli orientert om moglege konsekvensar ved ytterlegare prikktildelingar.

Vedtak om prikktildeling er enkeltvedtak som kan klagast på. Også sjølve inndragingsvedtaket kan klagast på.

## Klagerett

Inndraging av sals- eller skjenkeløyve er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova kap. V. 3.

Kommunen sine enkeltvedtak etter alkohollova § 1-8 og kap. 3, 4 og 7 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. § 1-16.

## 8. Definisjonar

Alkoholfri drikk	Under 0,7 %
Alkoholsvak drikk	0,7% - 2,5 %
Gruppe 1	Over 2,5 % - høgast 4,7%
Gruppe 2	Over 4,7 % - mindre enn 22 %
Gruppe 3	Frå og med 22 % og til og med 60 %

## 9. Nyttige lenkjer

- [Alkohollova](#)
- [Alkoholforskrifta](#)
- [Helsedirektoratet sine kommentarar til alkohollova](#)
- [Folkehelseinstituttet sine heimesider](#)